

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 06.12.2019
Sakshandsamar: Øystein Hellesest/Sjur Olav Sandal
Saka gjeld: **Investeringsbudsjett 2020 – Helse Førde HF**

Styresak: **104/2019**
Styremøte: **16.12.2019**

Framlegg til vedtak:

1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2020:

Investeringsbudsjett 2020 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2020
Brannsikring HF	1 000
Byggteknisk infrastruktur	10 100
Arealplan Lærdal	6 700
Nye Førde sjukehus	257 000
Sum	274 800
Medisinteknisk utstyr (MTU)	20 000
IKT	4 000
Ambulansar	10 000
Sum MTU og andre investeringar	34 000
Sum investeringar	308 800

2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere tilpassingar innanfor investeringsbudsjettet si ramme. Administrerande direktør rapporterer til styret tilpassingar som er gjort sidan førre evaluering av investeringsplan.
3. Styret ber administrerande direktør legge fram 5-årig investeringsplan til styremøtet i juni 2020.

Oppsummering investeringsbudsjett

Administrerende direktør har lagt vedteke langtidsbudsjett til grunn ved utarbeiding av budsjett for 2020. Førstelege investeringsbudsjett for 2020 er på 308,8 millionar, medan langtidsbudsjettet la opp til å løyve 433,7 millionar. Reduksjon på 124,9 millionar skriv seg frå lågare finansieringsbehov til prosjekt Nye Førde sjukehus i 2020.

Hovudsatsinga i 2020 er Nye Førde sjukehus (NFS) med mellom anna bygging av nytt psykiatribygg, flaumvern og kjøling av høgblokka ved FSS. I tillegg er det løyvd midlar til arealplan Lærdal sjukehus. Utover investeringar til bygg er det i investeringsbudsjettet sett av midlar til medisinteknisk utstyr, IKT infrastruktur og til nye sjukebilar.

Finansiering

Kontantstraum frå drifta gjev følgjande investeringsramme for 2020:

Kontantstraum til å dekke investeringar: (Beløp i heile tusen kroner)	Prognose 2019	Budsjett 2020
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	36 000	26 000
+ Avskrivning	75 000	78 000
= Kontantstraum fra drift	111 000	104 000
- Avdrag lån	-11 370	-11 370
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-11 728	-15 142
+/- Likviditet frå førre år *	28 821	25 996
+/- Likviditet overført til neste år	-25 996	-25 996
= Kontantstraum til finansiering av investeringar	90 727	77 488
+ Låneoptak NFS	124 000	160 000
+/- Meir /Mindreforbruk av låneoptak NFS	14 250	14 370
+ Påløpte byggelånsrenter	2 000	7 900
+ Avtale om bruk av finansieringsevne frå Helse Vest	21 123	49 042
Finansieringsgrunnlag investeringar	252 100	308 800

Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT kjem som følge av Helse Førde sin del av vedtekte felles prosjekt i Helse Vest.

Disponering

Med bakgrunn i disponibel investeringsramme for 2020 vil administrerende direktør gjøre følgende prioriteringer:

Investeringsbudsjett 2020 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Brannsikring HF	1 000	1 000
Byggteknisk infrastruktur	7 950	10 100
Arealplan Lærdal	3 700	6 700
Nye Førde sjukehus	199 500	257 000
Sum	212 150	274 800
Medisinteknisk utstyr (MTU)	25 650	20 000
IKT	4 300	4 000
Ambulansar	10 000	10 000
Sum MTU og andre investeringar	39 950	34 000
Sum investeringar	252 100	308 800

Bygg og teknisk drift

Nye Førde sjukehus (NFS)

NFS prosjektet omfattar både bygg og medisinsk teknisk utstyr. For 2020 er løyvinga i hovudsak tenkt brukt til bygging av Dagabygget (nytt psykiatribygg), infrastrukturtiltak med flaumvern, detaljplanlegging og midlar til å starte bygginga av Livabygget (operasjon/sterilsentral mv). I tillegg ligg det inne planleggingsmidlar til Svanabygget (lågblokk) og til Angabygget, samt midlar til kjøling av Svanabygget frå fjerde til og med åttande etasje.

Byggteknisk infrastruktur og brannsikring

Innan byggteknisk infrastruktur ønskjer vi å fornye sengeparken og halde fram med brannsikringstiltaka. Elles er det mellom anna sett av midlar til naudsynt sterilteknisk utstyr, kjøling på UPH, og tilpassing av vaktrom på ortopediavdelinga. Vi ønskjer i tillegg å etablere lading for elbil på Eid og i Lærdal.

Arealplan LSH (Lærdal sjukehus)

Det er planlagt å lage ein heilskapleg arealplan for sjukehuset i Lærdal og det er starta arbeid med å sette saman ulike arbeidsgrupper. Etablering av ny dialyseining vil skje våren 2020. Neste steg er planlegging av infusjonspoliklinikk, og ein håpar å få gjennomført også dette prosjektet i 2020. Midlane som er sett av vil og gå til utbetring av kritiske tekniske anlegg, samt til utbetring av vaktrom i avdeling for ortopedi.

Medisin teknisk utstyr (MTU)

Prioriteringane for 2020 vert gjort i samråd med medisinsk- og kirurgisk klinikk, HMS, teknisk tilstand, og rasjonell drift. Investeringane vert koordinert med investeringar som vi gjer i NFS.

Det har vore ei stor digitalisering innanfor MTU område dei siste åra, som gjer at vi no i hovudsak investerer i utstyr som har mogelegheit for datafangst. Digitalisering er leda an av dei store regionale IKT-prosjekta som til dømes; kurve og legemiddelhandtering (KULE), national early warning score (NEWS – systematisk måling av pasienten sine vitale parameter) og digitalt mediearkiv (DMA).

Ambulansar

Ambulansetenesta har no 34 bilar i operativ teneste, i tillegg til reservebilar og nokre administrasjonsbilar. Utgåande kontrakt hadde ikkje bilmodellar tilpassa ambulansedrift i Sogn og Fjordane og ny kontrakt er forseinka, då formelle feil i nasjonal konkurranse, førte til ny konkurranse med dei forseinkingane dette har bydd på. I ny kontrakt frå 2020 får vi kjøpe bilar med både firehjulstrekk og med vekt- og plassmarginar. Helse Førde er klar til å bestille på ny rammeavtale so snart denne er gjeldande. Situasjonen har ført til auka alder og slitasje på bilparken. Gjennomsnittleg kilometerstand for operative ambulansar er per november 244.000 km. i år, mot 202 000 km. i fjor. Tilrådinga er basert alder og slitasje på materiellet, samt intensjonane om ein føreseieleg utskiftingsplan.

Prioritering IKT

Midlane til IKT vert brukt både til utstyr og infrastruktur for å hente ut driftsmessige gevinstar frå dei store prosjekta. For å understøtte aukande grad av mobilitet er det behov for å fortsette utbygginga av det trådlause nettet, samt utbetre mobildekninga innandørs. Innanfor budsjett ligg og Helse Førde si vidare satsing på telemedisin.

Lokale IKT investeringar (tal i tusen kroner)	
IKT infrastruktur	1 900
IKT utstyr	2 100
Sum investeringa 2020	4 000

Helse Vest IKT

Den totale ramma for IKT-porteføljen i Helse Vest for 2020 er 476 millionar. Det ligg ei underdekning i porteføljen på 23 millionar, medan Helse Vest RHF finansierar 70 millionar. Ved bruk av fordelingsnøkkel er Helse Førde sin del av investeringa som følgjer:

Regionale IKT investeringar (tal i tusen kroner)		
Namn	Helse Vest	Helse Førde
Program HELIKS	54 770	6 627
Program LIBRA	139 566	16 887
Program Alle Møter	68 867	8 333
Øvrige prosjekt	75 472	9 132
IKT infrastruktur/Program	161 000	19 481
Avvik	-23 675	-2 865
Investering regionale prosjekt	476 000	57 596
- Midler frå Helse Vest RHF	-70 000	-8 470
Sum investeringa 2019		49 126

Investering HF-spesifikke prosjekt	2 863
- Avskrivningar frå regionale prosjekt	-25 431
- Avskrivningar frå HF-spesifikke prosjekt	-11 416
Behov for tilført likviditet Helse Vest IKT	15 142
Fordelingsnøkkel etter inntektsmodell	12,1 %

Dei store programma og prosjekt er:

- Program HELIKS med blant anna innføring av KULE, DIPS Arena og FERD
- Program Alle møter med blant anna Innsjekk og betaling, Pasientflyt og ressursar, Digitale brev og skjema, samt Vestlandspasienten
- Program LIBRA med sine prosjekt innanfor økonomi, innkjøp og logistikk
- Prosjekta Digital Patologi og AMK IKT

Samla plan for investeringar i perioden 2020 – 2024

Område	Investeringsområder (tal i millionar kroner)							Sum 5 år
		2019	2020	2021	2022	2023	2024	2020-24
Nybygg/ ombygging	Brannsikring HF	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	5,0
	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	8,0	10,1	11,6	12,6	14,6	16,6	65,5
	Arealplan LSH	3,7	6,7	7,0	2,0			15,7
	Nye Førde sjukehus							
	Nye Førde sjukehus - bygg og inventar	197,5	248,9	250,5	279,5	160,6	107,1	1 046,6
	Nye Førde sjukehus - MTU		0,2	0,0	43,2	18,2	15,5	77,1
	Nye Førde sjukehus - renter byggelån	2,0	7,9	8,0	10,0	6,3	9,3	41,5
	Sum nybygg/ombyggingar	212,2	274,8	278,1	348,3	200,7	149,5	1 251,4
Medisin teknisk utstyr	MTU	25,7	20,0	12,0	9,0	9,0	9,0	59,0
	Sum medisin teknisk utstyr	25,7	20,0	12,0	9,0	9,0	9,0	59,0
IKT-investeringar	IKT infrastruktur	1,8	2,9	0,9	0,9	0,9	0,9	6,5
	IKT utstyr	2,5	1,1	0,8	0,8	0,8	0,8	4,3
	Sum IKT-investeringar	4,3	4,0	1,7	1,7	1,7	1,7	10,8
Andre investeringar	Ambulansar	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0
	Sum andre investeringar	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0
	Sum investeringar	252,1	308,8	301,8	369,0	221,4	170,2	1 371,2
Finansiering								
	Finansiering før NFS finansiering	90,7	77,5	91,6	109,2	101,2	111,2	490,6
	Lån NFS	138,3	174,4	175,4	225,9	125,2	85,8	786,6
	Lån NFS, renter byggelån	2,0	7,9	8,0	10,0	6,3	9,3	41,5
	Avtale om bruk av finansieringsevne frå Helse Vest	21,1	49,0	26,9	23,9	-11,3	-36,1	52,5
	Sum finansieringsevne	252,1	308,8	301,8	369,0	221,4	170,2	1 371,2

Administrasjonen har lagt vedteke langtidsbudsjett til grunn ved utarbeiding av budsjett for 2020. Budsjett har ei ramme på 308,8 millionar. Prosjekt Nye Førde sjukehus vart starta opp i 2017 og vi vil trenge lån av finansieringsevne frå Helse Vest RHF i åra 2019 til 2023 for å dekke eigenfinansieringa i prosjektet. Bereevna vert dekkja inn av Helse Førde i åra 2024 til 2026. Helse Vest RHF må formelt handsame lån av bereevne det einskilde året.